



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 Masfjordnes

Referanser:

Dykkar: 8c21cdd1-0148-43c9-8d70-
0bed7095f947

Vår: 23/761 - 23/7036

Saksbehandlar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

31.08.2023

Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak - opparbeiding av Ytre Haugsdal bustadfelt - gbnr 1/97

Me syner til søknad motteken 14.08.23.

Administrativt vedtak. Saknr: 082/2023

Tiltakshavar: Masfjorden kommune

Ansvarleg søkjar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) løyve til tiltak i eitt-trinn for opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur og tomtar på gbnr. 1/97, Ytre Haugsdal, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.07.23 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket vert knytt saman med eksisterande kommunalt vassverk og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
4. Tiltaket skal etablera reinseanlegg og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
5. Tiltaket skal målast inn før det vert søkt om ferdigattest.
6. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg FV570. Veg og avkøyrslø skal opparbeidast i samsvar med reguleringsplan og siktsoner i denne.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Byggmester Bjørn	954354008	S	1	Søklar

	Rune Kvinge AS				
PRO	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Oppmålingsteknisk prosjektering
	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Prosjektering vassforsyning og avløpsanlegg
	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Prosjektering veg, uteareal og landskapsutforming
UTF	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Utførelse innmåling og utstikking
	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Utførelse vassforsyning og avløpsanlegg
	Entreprenør Ansgar Birkeland AS	939555420	S	1	Utførelse veg, uteareal og landskapsutforming

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegnar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegnar gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegnar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og

teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur og tomteareal i reguleringsplan for Ytre Haugsdal.

Fakta

Det er tidlegare utarbeida reguleringsplan for 1/97, Ytre Haugsdal. Masfjorden kommune ynskjer å tilretteleggja dette feltet og det vart lyst ut på konkurranse i totalentreprise. Det vart gjort avtale med Entreprenør Ansgar Birkeland AS for utførelse av anleggsarbeida for dette feltet.

Anlegget vert påkopla den kommunale vassleidninga som ligg nordvest for feltet.

Det vert etablert reinseanlegg som skal ta imot alt avlaupsvatn frå feltet. Denne vert overteken av Masfjorden kommune og drifta etter overlevering få entreprenør. Det er gjeve utsleppsløyve for denne.

Det er planlagd leikeplass inne i feltet, her skal ca. halve delen opparbeidast, resten skal vera urørd.

Vurdering

Tiltak er iht. planformål. Det er ikkje søkt om dispensasjonar i høve til føresegnene. Det er gjort ei mindre justering av gangvegen, det er vurderer at det ikkje er naudsynt med noko omregulering eller dispensasjon i høve til dette.

Tiltaket er lovleg nabovarsla. Det er etter fristen kome inn eit innspel, som går på gjerdeplikt og ein del generelle synspunkt på utviklinga i Ytre Haugsdalen. Punkt vedr. gjerdeplikt mellom selgjar av eigedommen og det nye bustadfeltet er ivareteke i avtalen mellom Masfjorden kommune og tidlegare grunneigar. Dei andre punkta nabo tek opp finn ein ikkje aktuelle for handsaminga av denne søknaden.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Kvingebakkevegen 5981
97

Masfjordnes